



Informasjonsdel for barnehagane i Bykle kommune



Revidert oktober 2025

Innhold

KONTAKTINFORMASJON	3
OPNINGSTIDER	3
BARNEHAGETILBOD	3
INFORMASJONSROUTINAR	3
FORVENTNINGAR	4
FERIE, FRIDAGAR OG FAGDAGAR	4
DAGSRYTME	5
MAT	5
KLEDE	5
PROSEDYRAR VED SJUKDOM	6
MAUREN	7

Denne informasjonsdelen kjem som eit tillegg til årsplanen vår. Årsplanen inneheld det faglege innhaldet i barnehagen. Informasjonsdelen inneheld organisering, informasjonsrutinar og anna praktisk informasjon.

KONTAKTINFORMASJON

Tenesteleiar for barnehage:
Caroline Rysstad – tlf. 934 21 494
E-post: caroline.rysstad@bykle.kommune.no

Bykle barnehage:
Bjørnehiet: 904 05 991
Ulvetuva: 976 21 785

Fjellgardane barnehage:
Revehiet: 945 11 234
Maurtuva: 945 11 233
Jasehola: 945 11 235

I tillegg til personalet kan det vere vikarar, spesialpedagog, logoped, helsesjukepleiar, studentar m.fl. som kjem på ulike tidspunkt i løpet av veka.

OPNINGSTIDER

Bykle barnehage: måndag–fredag kl. 07.15–16.15
Fjellgardane barnehage: måndag–fredag kl. 07.30–16.30
Maks opphaldstid er 9 timar per dag.

BARNEHAGETILBOD

Det kan søkjast om 3, 4 eller 5 dagar i veka.

INFORMASJONSROUTINAR

Korleis sikre deg nok informasjon?
Ikkje vær redd for å spørje om du lurar på noko.

- Årsplanen ligg på Bykle kommune si heimeside
- Vedtektene ligg på Bykle kommune si heimeside
- Det blir foreldremøte med informasjon om barnehagen i september
- Les på oppslagstavlene i gangen og i Visma-appen
- De får månadsskriv i Visma-appen
- Delta på foreldresamtalar
- Dagleg dialog med personalet

Korleis gje oss informasjon?

Me ynskjer å gje ditt barn ein god kvardag i barnehagen, og de er vår viktigaste samarbeidspartnar – fordi de kjenner barnet best! Hente- og bringesituasjonen er verdifulle for å gje denne informasjonen, til dømes om andre skal hente, eller om noko kan påverke dagen.

VIKTEG: Ikkje alt kan seiast over hovudet på barna. Difor ber me dykk om hjelp til å skjerme barna. Spør oss heller om ein prat. Har vi moglegheit der og då, kan vi gå i eit anna rom eller setje opp ein avtale.

FORVENTNINGAR

Me arbeider for at foreldre og barnehagen skal ha god kommunikasjon. Målet er barnas beste.

Viktige arenaer for dette er:

- Den daglege kontakten i garderoben
- Foreldremøte ein eller to gonger i året
- Foreldresamtalar to gonger i året
- Ulike arrangement der familien blir invitert
- Foreldreråd og samarbeidsutval

Foreldre/føresette kan forvente av barnehagen:

- Godt samarbeid om ditt barn
- Informasjon dersom noko spesielt har skjedd i løpet av dagen
- Ekstra samtale ved behov
- At me tek kontakt raskt ved teikn på mobbing eller utestenging
- At ditt barn blir sett, møtt med respekt, anerkjent og tatt på alvor
- At me ringer og ber dykk hente ved feber, oppkast, diaré eller dårleg allmenntilstand

Barnehagen forventar:

- Godt samarbeid med dykk foreldre
- At de les informasjonen me sender ut
- At de informerer om endringar i familiesituasjon, sterke opplevingar eller anna som kan påverke barnet
- At de tek kontakt og ber om ekstra samtale ved bekymring
- At de held orden i garderobehyller og merker sko og klede med namn
- At de ikkje offentliggjør bilete eller video frå barnehagen på nett/sosiale medier
- At de gjev beskjed dersom barnet er sjukt eller ikkje kjem i barnehagen

FERIE, FRIDAGAR OG FAGDAGAR

Barnehagen har stengt dei to siste vekene i fellesferien. Barnehagane er opne fem dagar i veka bortsett frå heilagdagar, jul- og nyttårsaftan, offentlege fridagar og fem kurs- og plandagar i året. Kalender over desse dagane ligg på heimesida til Bykle

kommune under fana "Barnehage". Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagane kl. 12.00.

Barnehagen vil i løpet av året spørje om barna skal ha fri eller ferie i samband med skulen sine feriar: haustferie, jul, påske, vinterferie og sommarferie. De får då ein link i Visma-appen til eit skjema som vi ber dykk svare på innan fristen. Dette er viktig fordi personalet avviklar ferie og eventuell avspasering når det er færrest barn i barnehagen, og fordi de betaler kun for dei dagane barna er i barnehagen. Betaling for feriane skjer i juni månad.

DAGSRYTME

Dette er ein rettleiande dagsplan for heile barnehagen. Vi har barnas beste i fokus og ynskjer at barna kan vere med og påverke sin kvardag. Det kan difor vere endringar undervegs, og små variasjonar frå kvar barnehage/avdeling.

- Kl. 07.15/07.30: Barnehagen opnar
Ein vaksen ønskjer barnet velkommen. Gje eventuelle beskjedar. Ein god klem og "hade" i garderoben.
- Kl. 08.00–08.30: Frukost
- Pedagogiske aktivitetar, leik, tur
- Kl. 11.00–12.00: Lunsj
- Sovetid for dei som treng det, uteleik for dei andre
- Kl. 14.00: Ettermiddagsmat og frukt
- Leik
- Kl. 16.15/16.30: Barnehagen stenger

Alle foreldre må berekne tid til å pakke saman og kle på barna før stengetid. Gje beskjed ved uventa forsinking.

MAT

Vi har fokus på variert og sunn mat i tråd med Helsedirektoratet sine anbefalingar. Barna får tre måltid om dagen: frukost, lunsj og ettermiddagsmat pluss frukt.

KLEDE

- Merk klede med namn
- "Lag på lag" er ein god grunntanke – ull innerst om vinteren
- På kalde dagar anbefaler vi cherrox eller vintersko framfor støvlar
- Klede bør vere praktiske og tåle flekkar
- Hald orden i hylla og garderoben

I barnehagen må det vere:

- Bleier og vogn for dei som søv ute (avtal med personalet)

- Ekstra skift: genser, bukse, truse, shorts, t-skjorte, sokkar
- Frå september: ekstra genser og bukse i ull eller fleece, hals (ikkje skjerf), ullsokkar, tynn lue/panneband, varm lue, vottar, vintersko, stilongs

PROSEDYRAR VED SJUKDOM

- Barn som ikkje kan følgje dagsrytmen eller vere ute, skal som hovudregel haldast heime
- Alt fråvær må meldast innan kl. 09.30
- Alvorlege smittefarlege sjukdommar skal meldast umiddelbart til tenesteleiar
- Ved kraftig allergi og astma – avtal med personalet
- Ved nedsett allmenntilstand er det best å vere heime

Når må barnet haldast heime:

- Feber – ein feberfri dag før barnet kjem att
- Oppkast – barnet må vere heime 24 timar etter
- Diaré – barnet må haldast heime 24 timar etter
- Ved vedvarande oppkast/diaré kan 48-timarsregelen innførast. Dette blir varsla på tavla i garderoben
- Nedsatt allmenntilstand ved t.d. forkjøling
- Medisinering i barnehagen krev skriftleg fullmakt og forklaring frå foreldre. Skjema får du i barnehagen
- Lus – barnet må behandlast før det kjem att. Gje beskjed til personalet

MAUREN

Liten?
Eg?
Langtifra.
Eg er akkurat stor nok.
Fyller meg sjølv helt
På langs og på tvers
Frå øvst til nedst.
Er *du* større enn deg sjølv
kanskje?

